

Pressemelding:

Isolerglasvindaug er produsert f.o.m. 1965 t.o.m. 1990 er farleg avfall!

Vindaugets produksjonsår står gjerne i metall-profilen som skil glasrutene, denne internett-linken oppgir korleis det kan lesast: <http://www.ruteretur.no>ShowHTML.aspx?file=Identifisering.htm>

Det er vanskeleg å sikre at alle typar isoler-vindaug vert behandla rett. Det kan takast prøver av det enkelte vindaug, prisen er venta å ligge på rundt kr 4.000 pr prøvesyklus. Prøven skal kostast av den som eig vindaug før kassering (avfallsbesittar er ansvarleg).

SUM trur ikkje det kan ventast prøvetaking ved små-leveransar.

SUM håpar at myndigheitene får på plass produsentansvarsordning slik at alle isoler-vindaug kan takast inn til rett slutthandsaming til fornuftig pris. Det er venta at også vindaug prod. etter 1990 kan innehalde miljøgifter.

Inntil vidare vert systemet slik, SUM-prisar frå 1. februar 2012:

- I. Vindaug produsert i perioden 1965 - 1975 skal ventast å innehalde miljøgifta PCB dersom ikkje noko anna kan påvisast.**

Prisen for mottak dersom den gebyrbetalande eigaren av bustaden kjem med vindauga sjølv; Kr 0.

Prisen for mottak frå næringsdrivane (entreprenør/snikkar og eigar næringsbygg); kr 860/tonn + mva

- II. Vindaug frå perioden fom. 1976 tom. 1990 vert tatt inn som Klorparafinvindaug.**

Alle vindaug i perioden frå 1976 til 1990 skal antas å innehalde miljøgiftene klorparafinar.

Basert på opplysningar frå marknaden, reknar vi med at det vil koste ca. kr 12.000/tonn + mva å motta og avhende desse vindauga. Det er planlagt felles anbodsinnhenting frå fleire selskap på Vestlandet, for å få endeleg pris.

No-pris for SUM-mottak av klorparafinvindaug: kr 12.000/tonn + mva.

- III. Vindaug med ukjent produksjonsår;**

Vindaug der ikkje er mogleg å lese produksjonsår, vert ansett å vere PCB-vindu, jamfør I.

- IV. Vindaug som ikkje kjem inn under kategori "PCB" og "Klorparafin". Mengdeavgrensing;**

Vindaug som ikkje inneheld PCB og Klorparafin, kr 1.200/tonn + mva for levering til SUM

SUMs mottakavgrensing: ref Avfallsforskrifta.

SUM veit at KLIF jobbar med å få orden på returordninga for isolervindaug, vi har vore i kontakt med jon.fonnlid.larsen@klif.no Mobil: 992 35 953

Vi håpar at ryddig totaløysingar er på plass før sommaren 2012 – det kan ta meir tid.

Er folk misnøgde med det vi (eller andre) kan tilby: Syt for god lagring (ikkje knus) til betre ordningar kjem på plass!

Håkon Grepstad, dagleg leiar SUM

Tlf. 905 44754. E-post haakon.grepstad@sum.sf.no

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bankkonto	Organisasjonsnr.
SUM	Einestølen	57 72 41 50	3760 10 20069	NO 970.921.915 mva
Einestølen	Førde			WEB
6800 Førde				www.sum.sf.no

Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal

E:\Vindu klorparafin 2011 - -\Prsessemelding isolervindaug 25. januar 2012.doc